

Høyringssvar frå Telemark folkemusikkklag

Tilslutning

Laget er kjent med høyringsnotatet frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans i Trondheim og Folkorg sine fyldige og godt fundamenterte synspunkt som svar på spørsmål frå departementet. Telemark folkemusikkklag kan slutte seg til innhaldet i begge desse svara. Me vil difor i vårt innspel tilføye nokre moment som me meiner er ekstra viktige å vektlegge i det vidare arbeidet og som me har erfart gjennom mange år i vårt område.

Om laget

Telemark folkemusikkklag er eit regionlag tilslutta folkorg. Laget vart stifta i 1952 og har i dag 16 lokale lag som medlemmer. Laget har dei siste åra lagt hovedvekt på rekrutteringsarbeid, og arrangerar - i samarbeid med lokallag- to helgesamlingar i året-vårkurs og haustkurs, samt ein sommarskule over 4-5 dagar.

Laget tilrettelegg også for ein fylkeskappleik i året. Telemark folkemusikkklag er ein av initiativtakarane til Sørnorsk folkemusikksenter og samarbeider gjennom denne om talentopplæring for unge musikarar og dansarar i regionen samt utviklar lokale lag som konsertarrangørar. Gjennom paraplyorganisasjonen oppnår me ein god kontakt og kan enklare samarbeide med andre folkemusikkaktørar i regionen. (folkemusikkfestival, folkemusikkarkiv, kulturskular og instruktørar, folkemusikkstudiet ved USN m.fl. Vestfold og Telemark kulturnettverk)

Generasjonsskifte

Tradisjonsmusikken og -dansen er inne i eit generasjonsskifte der det er avgjerande viktig å styrke rekrutteringa mens ein enno har levande og aktive miljø i den vaksne og eldre befolkinga. Spesielt innan tradisjonsdansen er dei aktive utøvarane i ferd med å nå ein høg alder. Det synest også vanskeleg å rekruttere ungdom til desse miljøa. Skal ein lukkast med rekruttering til denne aktiviteten må eit starte grunnopplæring med aldersgrupperte opplegg og etter kvart søke samarbeid med dei eldre tradisjonsbærarane. Utan ein levande tradisjon med aktive utøvarar er det vanskeleg å overføre denne kunnskapen til ein ny generasjon, det er viktig å «smi mens jernet er varmt».

Rekruttering-opplæring

Det er stor konkurranse om ungdommar og kulturaktivitetar i dagens samfunn. Dei store aktivitetsområda (lagsidrett og samspel musikk) har lett for å dominere ungdommen sine val. Det er difor viktig at også folkemusikken og -dansen har eit tilbod som kan måle seg både fagleg og sosialt.

Kulturskulen har tilført ein viktig fagleg dimensjon til det lokale opplæringa, men for å få fram dei gode resultata trengs dei frivillig organiserte laga meir enn nokon gong. Det gode resultatet oppnår ein først når kulturskulen kan stå for den musikkfaglege individuelle opplæringa og utviklinga, med godt kvalifiserte lærarar, og dei frivillige laga kan syte for lagsdrifta, skape gode sosiale rammer, kanaliserer

foreldreengasjement inn i aktiviteten og på den måten vere levande reklame for aktiviteten for nye generasjonar.

Små og sårbare miljø treng regional koordinasjon

Kjerneområdet til tradisjonsmusikken og dansen finn ein for det meste i såkalla utkantområde, med tynt befolka kommunar og ofte eit stort areal med tilsvarande store avstandar. Rekrutteringa i den enkelte kommune er difor ofte for små til å kunne gje gode faglege og sosiale rammer for aktiviteten. Mange av kommunane i td. Telemark treng difor eit utbrett samarbeid med andre kommunar i området for å skape levedyktige fagmiljø og aktivitetar, som i tillegg er attraktive for ungdommen. Folkemusikken og -dansen treng difor ein interkommunal aktør som kan samordne, stimulere, serve og styrke det påkreva samarbeidet mellom kommunar i kjerneområda.

Amatør-profesjonell

Eit anna særtrekk ved tradisjonsmusikken og dansen er graden av profesjonalisering historisk og i dag. Kapelleikar både lokalt, regionalt og nasjonalt har vore og er ein møteplass som ikkje skil mellom profesjonelle og amatørar. Historisk har mange av spelemennene, kvedarane og dansarane vore på eit svært høgt fagleg nivå (td. A-klassen landskapappleiken), men svært få har hatt musikken og dansen som einaste leveveg, men berre som bigeskjeft i beste fall. I dag er det fleire som satsar på formidling, kombinert med opplæring, som yrke. For å sikre rekruttering, opplæring og ein levande tradisjon er det viktig med eit godt samarbeid mellom profesjonelle og amatørar. Samtidig er det viktig å sikre rammevilkår slik at unge utøvarar/pedagogar kan sikre seg arbeid og utkomme i folkemusikken og -dansen også i sine kjerneområde.

Økonomien i frivillige lag

Økonomien i dei frivillige laga, organisasjonane må styrkast slik at meir av den frivillige innsatsen kan rettast mot det faglege innhaldet og den sosiale arbeidet. Dette er heilt nødvendig for å vere ein funksjonell samarbeidspart med kulturskulen og ha økonomi til å kjøpe dei faglege tenestene den kan tilby og samtidig vere eit reelt og godt tilbod samanlikna med andre ungdomsaktivitetar. Denne styrkinga kan ein enklast få til ved å styrke dagens nasjonale tilskotsordningar, som dessverre i altfor liten grad er prisjustert. Det gjeld både vaksenopplæringa -som har stått på same timesatsar som på slutten av 1990-talet -og dels FRIFOND, som dei to viktigaste tilskotsordningane for den lokale opplærings-aktiviteten. Det gjeld også opplæringsordninga KOMP og tilskota frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Ordninga med moms-refusjon bør også justerast opp på eit nivå som kompenserar fullt ut utgiftene.

Konsertformidling-arrangørar

Folkemusikken i vår region manglar eit utbygd arrangørnettverk slik t.d. jazzmen har. Ein nasjonal strategi bør (må) ha klare ambisjonar om ei systematisk formidling av

tradisjonsmusikken og -dansen i regionen. Kulturrådet bør settast i stand til å støtte konserter og arrangørar i bygdenoreg som på grunn av liten befolkning krev betre støtteordningar enn i meir sentrale strøk. Lokale lag kan utgjere eit lokalt arrangørnettverk med eit støtteapparat i regionen. Med god opplæring av dei lokale laga og betre tilskotsordningar, som gjer risikoene som arrangør akseptabel, vil dei lokale laga kunne utgjere eit framtidig arrangørnettverk.

Frå statleg strategi til nasjonal strategi

Folkemusikkaktørane og dansarane er glade for dette initiativet frå Regjeringa og har store forventningar til den varsla statlege strategien for dette kultur- og kunstområdet. Ei avklaring av staten sitt ansvar og oppgaver på dette feltet er ein viktig innfallsinkel til dette arbeidet. Folkemusikken og -dansen sine lange tradisjonar knytta til lokal identitet, lokale ytringsformer og det mangfoldet av variantar som har utvikla seg over lang tid, er viktig å ta vare på og vidareutvikle. Ein strategi for dette området må difor ta utgangspunkt i den lokale aktiviten, dei lokale tradisjonane og legge til rette for både bevaring, vidareføring og utvikling av desse. Difor må ein statleg strategi legge til rette for å kunne omfatte både lokale, regionale og nasjonale tiltak og fordele ansvar og oppgaver til dei tre forvaltningsnivåa og legge til rette økonomi for desse.

Bø 24. november 2020

Kjell Stundal
styreleiar